

Vest-Telemarkrådet - Referat frå rådsmøte 10. oktober 2017.

Tilstades:

Regionordførar Erik Skjervagen, John Rikard Kleven, Halvor Homme, Halfdan Haugan, Tarjei Gjelstad, Jarand Felland, Ketil Kiland, Sverre Sæter og Øystein Tveit.
Frå adm møtte Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggnes.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 29/2017. Referat frå rådsmøte 22. august 2017.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 22. august 2017 vart samrøystes godkjent.

Sak 30/2017. Barnehageplass i andre kommunar, tilbakemelding frå Rådmannsutvalet.

I tråd med tidlegare vedtak låg det føre forslag til avtaler for både barnehage og skule.

Leiar av rådmannsutvalet, Sverre Sæter, orienterte nærare om saken. Etter drøfting vart det klårlagt at ikkje alle kommunane finn grunnlag for å slutte seg til avtalene, og at dette må vera opp til kvar enkelt kommune.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 31/2017. Oppretting av valnemnd i brannvernsamarbeidet - oppmoding frå Rådmannsutvalet.

Rådmannsutvalet hadde meldt inn sak om oppretting av valnemnd i Brannvernsamarbeidet.

Ketil Kiland orienterte nærare om bakgrunnen for saken der han mellom anna viste til at heile noverande styre har trekt seg frå styreverva i selskapet. Det vart imidlertid opplyst at det noverande styret blir sitjande til nytt styre er valt.

I samband med drøftinga av saken vart det vist til rådsmøtet i mars i år der ein vedtok at ordførarane skal fungere som valkomite for fylgjande 3 selskap: Renovest, Vest-Telemark kraftlag og Vest-Telemark Brannvesen, samt at leiar av rådmannsutvalet skal vera sekretær for valkomiteen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til vedtaket gjort 14. mars 2017, og legg opp til at ordførarane møtest for nærare drøftingar omkring nytt styre i brannvernsamarbeidet.

Sak 32/2017. Telemark Næringshage, orientering v/styreléiar og dagleg leiar.

Dagleg leiar Eirik Håskoll Næss var tilstades og orienterte nærare om Telemark Næringshage.

Næringshagen er i dag på nivå 2 i SIVA-systemet og ein ynskjer opprykk til nivå 3, noko som krev kr. 600 000,- i auka aksjekapital. Næringshagen arbeider for å bli aktør med leveranser til heile Telemark, og har i dag 33 målbedrifter.

Generalforsamlinga har bedt dagleg leiar sette igang ein prosess for å identifisere moglege strategiske eigarar. Både kommunar og private vil bli invitert til å gå inn i selskapet, der grensa er 49% offentleg eigarskap.

Fylkesvaraordførar Hans Edvard Askje, som var tilstades i møtet, signaliserte at han oppfattar dette som eit viktig grep for å samle meir krefter i næringshagane.

Det kom tydelege signal i møtet om at selskapet bør rette direkte invitasjon til kvar enkelt kommune.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak. 33/2017 Justert budsjett 2017.

Det låg føre forslag til justert budsjett 2017, og Ole Dalen orienterte nærare om forslaget. Det ordinære driftsbudsjettet er på kr 4 514 000. Totalt budsjett inklusiv prosjektfinansiering er 8 416 000, noko som er 396 000 mindre enn opprinneleg budsjett.

Etter eit kort ordskifte vart det gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til justert budsjett 2017. Samrøystes vedtak.

Sak 34/2017. Forslag til arbeidsprogram 2018 - 2019.

Det låg føre forslag til arbeidsprogram for perioden 2018 - 2019. Forslaget vidarefører dei 4 målsettingane med nokre mindre endringar innafor tiltak. Forslaget inneheld også ei overordna målsetting om å auke nettverksbygginga og påverknadsarbeidet i høve til regionens interesser.

Etter ordskifte vart det gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til arbeidsprogram for 2-årsperioden 2018 - 2019. Forslaget leggast fram for endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 5. desember 2017. Samrøystes vedtak.

Sak 35/2017. Forslag til møtekalender 2018.

Det låg føre forslag til møtekalender 2018 for Vest-Telemarkrådet med tysdag som møtedag og same antal møte pr år.

Etter ordskifte vart det gjort fylgjande endringar:

- Vest-Telemarkkonferansen 2018 vert lagt til onsdag 31. januar.
- Datoen for mai-møtet rettast frå 21. til 22. mai
- For å unngå kollisjon med haustferien vert alle møta frå og med september og til og med Tingmøtet i desember flutt ei veke.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 2018 med dei endringane som er nemnt ovanfor. Samrøystes vedtak.

Sak 36/2017 Vest-Telemarkkonferansen 2018 – innspel

Vest-Telemarkkonferansen 2018 er planlagt å gå av stabelen 31. januar.

Etter at mangeårig leiar Karl Torstein Hetland har gått av med pensjon har Ole Dalen overteke leiaransvaret. Det er danna ei arbeidsgruppe beståande av regionordførar Erik Skjervagen, representant for næringsssjefane Elisabeth Lid, Olav A. Veum frå Vest-Telemark Næringsforum, samt Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggnes frå Vest-Telemarkrådet.

Gruppa foreslår at komande konferanse vert knytt til framtidsetta næringsutvikling i Vest-Telemark, og ber om innspel til "headliner", foredragshaldarar, og aktuelle næringsdrivande som kan inviterast til konferansen.

I rådsmøtet kom fylgjande innspel til tema:

- *Dei strukturelle endringane i samfunnet*
- *Datetryggleik/overvaking*
- *Fritidsbustadene – greier vi å dra nok nytte av desse ?*
- *”Telemark fremst i det grøne skiftet”*

Som innspel til hovudgjest kom det forslag på Jonas Gahr Støre og Trygve Slagsvold Vedum. Ein ynskjer å halde fram med innslag av unge forskarar og lokale bedrifter. Når det gjeld kulturinnslag vil ein ha fokus på unge lokale utøvarar.

Sak 37/2017. Forslag til budsjett 2018.

Det låg føre forslag til budsjett 2018. Etter justering for prisvekst på 1,9 % inneber forslaget eit samla driftsbudsjett på 4,6 mill kroner og eit total budsjett på 7,88 mill kroner.

Forslaget bygger også på arbeidsprogrammet for 2018 - 2019.

Etter ordskifte vart det gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2018 med tanke på endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 5. desember 2017.

Etter signal frå fylkesmannen kort tid før rådmøtet, er Vest-Telemarkrådet innvilga kr.750 000,- i ekstra skjønnsmidlar som blir å innarbeide i budsjettforslaget til Tinget. Midlane skal nyttast innanfor arbeidet med digitalisering.

Samrøystes vedtak.

Sak 38/2017. Vannregion Agder, organisering og status. Orientering v/rådgjevar Ingrid Strande, Tfk.

Rådgjevar Ingrid Strande frå Telemark fylkeskommune var invitert til rådmøtet for å orienterte nærare om Vannregion Agder. Det er frå fylkeskommunens side sett fram ynskje om meir og direkte kontakt med regionråda, og dette kom også fram på møtet.

Strande orienterte om målsettinga med arbeidet og korleis dette er organisert. Det er mellom anna oppretta eit vannregionutval (VRU) der vår region er representert ved regionordførar.

Det vart frå Strandens side også stilt spørsmål om kommunane føler seg tilstrekkeleg representert i arbeidet, kva for behov ein har for kontakt med vannregionmyndighetene samt invitasjon til å kome med innspel i samband med rulleringa av planprogrammet fram mot 2019.

Avslutningsvis vart det peika på at det no ligg føre forslag til endringar i vannforskriftene, og at desse er sendt på høyring til kvar enkelt kommune.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 39/2017. Ny utgreiing om organiseringa av domstolane - kva med Vest-Telemark Tingrett og Øvre Telemark jordskifterett ?

Det låg føre henvending frå ordførar Tarjei Gjelstad i høve til nok ein gjennomgang av domstolorganiseringa. Ein kommisjon skal greie ut organiseringa av domstolane i landet, og legge fram si innstilling innan 2020. På denne bakgrunn låg det føre ynskje frå Gjelstad om at Vest-Telemarkrådet kjem fram til ei felles innstilling i saken og lagar ein plan for påverknadsarbeidet framover.

Leiar av jordskifteretten, Svein Dag Midtsund, var tilstades og orienterte nærare om saken.

Med jamne mellomrom har det frå sentralt hald kome forslag til strukturendringar innafør domstolorganiseringa, der eit hovudargument er å lage større og meir robuste domstoler. Denne gongen er det sett ned ein kommisjon som skal legge fram si innstilling innan august 2020. Kommisjonen består av 15 medlemmer vesentleg frå dei store domstolane, og kommisjonen har mandat som peikar på at det er behov for endringar i domstol-strukturen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil sette i verk eit arbeid i perioden fram mot 2020, der regionen ilag med andre gode krefter har som målsetting å behalde domstolane i Kviteseid.

Saken blir i fyrste omgang å sette opp som tema til møtet med Telemarksbenken 14. november.

Samrøystes vedtak.

Sak 40/2017. Rådsmøte/møte med Telemarksbenken 14. november

Etter avtale med leiar Terje Aasland vil Vest-Telemarkrådet halde møte med Telemarksbenken på Stortinget 14. november i Oslo. Det planlagte rådsmøtet blir halde i forkant av dette møtet.

Det låg føre forslag frå administrasjonen om eit opplegg tilsvarande mai-møtet i fjor, og eit ynskje om innspel til aktuelle saker.

Etter drøfting gjorde Rådet fylgjande vedtak:

Vest-Telemarkrådet ynskjer å drøfte fylgjande saker i møtet med Telemarksbenken:

- *Nærpolitireformen, herunder forslag til ny responstid-modell*
- *Organisering av domstolane*
- *E 134/Rv 36/Rv 41*
- *Telemark Kildevann AS, sak om tollstatsar*
- *Kapitaliseringsrente*
- *Vilkårsrevisjonen NVE*

Rådet sluttar seg til forslaget om å legge opp møta som i fjor, med overnatting og felles middag om kvelden.

Sak 41/2017. Telemark Kildevann AS - sak om tollsatsar.

Telemark Kildevann AS i Fyresdal strir med tollsatsar gjeldande eksport av mineralvatn til EU-land. Tollsatsene vert karakterisert som "arbeidsuhell" og skriv seg attende til 2005.

Til grunn for handsaminga i møtet låg brev frå Bryggeri- og drikkevareforeningen adressert til landbruks- og matdepartementet, samt e-post frå dagleg leiar i Telemark Kildevann AS.

Ordførar Erik Skjervagen orienterte nærare om saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og fører saken opp til nærare drøfting med Telemarksbenken 14. november.

Sak 42/2017. Val av Regionordførar og regionvaraordførar - sak til Tinget:

I tråd med vedtektene skal det veljast regionordførar og regionvaraordførar i møtet i Vest-Telemarktinget 5. desember. Som grunnlag for drøftinga i Rådet låg mellom anna referat frå forrige val og oversikt over regionordførarane/regionvaraordførarane i perioden 1994 - 2017.

Etter drøfting vart det gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet viser til oversikten for perioden 1994 - 2017, der rulleringa tilseier at det i komande 2-årsperiode er Vinje som står for tur til å ha regionordføraren medan det er Tokke sin tur til å ha regionvaraordføraren, og at dette danner grunnlaget for handsaminga i Tinget.

Sak 43/2017. Orienteringssak - Bompengefinansiering av RV 36 Bø - Seljord.

Til grunn for saken låg forslag til saksframlegg frå Telemark fylkeskommune samt fagleg grunnlag utarbeidd av Statens vegvesen. Regionrådsleiar orienterte kort om saken og ein gjorde slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet ser dette som eitt av fleire viktige utbetningsprosjekt på E134/Rv36, og vil oppmode dei aktuelle kommunane om å gjera likelydande vedtak som grunnlag for handsaminga i fylkeskommunen og den vidare prosessen fram mot endeleg handsaming i Stortinget.

Sak 44/2017. Ymse

Ingen saker.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes